



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Brugata 10
6390 VESTNES

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
PLAN-22/00094	29.09.2022	129767/2022/REGULERINGSPLAN/1535	Johnny Loen, 71 28 02 43	14.11.2022

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan for utviding av Gjermundnes masseuttak - fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld reguleringsplan med sikte på utviding av eksisterande verksemd. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

MERKNADER TIL PLANFORSLAGET

Planfaglege merknader

Planframlegget er etter måten ukomplisert, og legg til rette for den verksemda som faktisk er tenkt. Vi har likevel ein del merknader:

For det første vil vi råde kommunen til å vurdere om ikkje reguleringsplanen skal ha reglar om til dømes driftstid/støyande verksemd av omsyn til naboane. Det er i planomtalen vist til driftskonsesjonen etter minerallova, men det er ikkje sikkert at denne dekker alle forhold som kan vere relevante for ein kommune og for nabolaget, herunder også eventuelle rekkefølge krav om gjenlegging av areal etter ferdig drift.

Vi peikar nedanfor også på ein del andre forhold som gjer at vi frårår eigengodkjenning av planen slik han ligg føre.

Kartet:

Tunnel under E136 mellom massetaket og sjønært næringsareal er ikkje kartfesta som juridisk bindande planelement, berre som illustrasjon. Dette treng ikkje vere det store praktiske problemet, men vi gjer merksam på den formaliteten at plankartet berre har

eitt horisontalplan, og tunnel vil vere i strid med LNF-føremålet. Planen bygger med andre ord inn eit behov for dispensasjon som neppe er tilsikta.

Vi vil i tillegg stille spørsmål ved om LNF er rett føremål, gitt planens intensjon. Jamfør også merknader til føresegner og planomtale.

Føresegner:

Føresegnene avgrensar kva type aktivitet som kan skje innanfor areala som er avsett til råstoffutvinning og til industri.

I tillegg er det i det førstnemnde arealet fastsett krav om etablering av «*skogsveg/veg for driften i grenseområdet mot LNF-området i nord og nordøst*». Hovudføremålet for denne, ser ut til å vere sikring av tilkomst til skogsareala sør for verksemda. Det er uklart kva som er meint med «*driften i grenseområdet*».

Når det gjeld LNF-arealet, er det fleire spørsmål. Sjølv om ein legg opp til etterbruk av deponeringsområdet som LNF-areal, kan det reisast betydeleg tvil om LNF-er det rette føremålet i reguleringsplanen. Føresegna viser til dagens bruk, og nemner i same avsnitt deponerte masser. Vi tolkar dette slik at reguleringsplanen prøver å tilpasse seg ein situasjon som allereie eksisterer.

Det synest kanskje rimeleg at ein regulering til LNF med sikte på etterbruken av området, men medan ein deponerer, vil aktiviteten likevel vere i strid med føremålet. Verken «landbruk», «natur» eller «friluftsliv» kan skje før deponeringa er ferdigstilt. Her burde det truleg vere to plankart, der det eine kartet viser «bebyggelse og anlegg – anna type verksemd», og det andre viser LNF. Føresegnene må vere presis i kva tid bruken skal endrast, tildømes slik: «når deponi er avslutta og terrenget opparbeidd i samsvar med krav i planen, skal arealet vere LNF».

Det ligg till saka sin natur at føresegnene også må gi føringar for korleis ein skal deponere og ferdigstille.

Planomtalen:

I kap 4.2 står at «*området er skogkledd og grenser til masseuttaket*». Dette er kvalifisert feil, sidan massetaket også inngår i den nye planen.

Planomtalen kapittel om eksisterande tilhøve (kap 4) viser ikkje til gjeldande reguleringsplan på annan måte enn som 910-sone i kommuneplanens arealdel. Gjeldande plan blir først vist i kapittel 5 om det nye planforslaget. Vi gjer merksam på at utgangspunktet (null-alternativet) for verknadsomtalen er gjeldande plan. Dette kjem ikkje fram i dokumenta.

Her er heller ingen omtale av at deponering allereie går føre seg innanfor arealet som no skal inkluderast i planen, jamfør tolkinga av føresegnene.

Planomtalen er svært knapp, og gir lite utfyllande informasjon både om sjølve planforslaget, om eksisterande situasjon og om verknadene. Det er lite grunnlag i planomtalen til å forstå løysingane som er valde. Dette kan ha samanheng med at massetaket er underlagt reguleringsplan frå 2013. Med unnatak for LNF-arealet som stikk ut mot sør i den nye planen, er det nye plankartet identisk.

Kapittel 5.3 gir omtale av verknader for miljø. Omtale av verknader elles er gitt i kapittel 6. Den redaksjonelle ordninga er med andre ord ikkje konsekvent og medverkar til uklarheit. Denne blir ikkje mindre, gjennom at kapitlet også omtaler delar av dagens situasjon; krav som gjeld i medhald av forureiningslova. Her er ingenting om korleis

utvidinga av planområdet påverkar støy- og støvtilhøva, og korleis planforslaget løyser eventuelle utfordringar knytt til dette.

Same type innvendingar gjeld 5.3.4. her er for det første vist til eksisterande situasjon, for det andre til forretningsmessige planar (føremålet med planen), medan hovudkapitlet skal handle om sjølve planforslaget.

Underkapitlet om deponi, viser verknader i landskapet av deponiet. Men det er ingen krav i føresegnene som sikrar at deponeringa skjer på denne måten.

Under verknadskapitlet er tilhøvet til naturmangfaldlova skildra. Hovudinnhaldet her, er utklipp frå lovverket. Kapitlet gir ikkje noko samandrag av utgreiingane i vedlagt fagrapport, men synleggjer tiltakshavar sin vurdering av rapporten, ikkje rapporten i seg sjølv.

Planen manglar omtale av trafikk ut og inn i området, eventuelt også sjøtrafikk.

Samla sett, rår vi ut frå vår planfaglege vurdering frå å eigengodkjenne planen slik han ligg føre. Gitt at planen likevel inneber små endringar frå eksisterande regulerings-situasjon, vel vi likevel å ikkje reise motsegn.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal fylkeskommune kan på planfagleg grunnlag ikkje tilrå eigengodkjenning av planen slik han ligg føre. Vi viser til meir detaljerte merknader ovanfor, og rår kommunen til å gå gjennom planomtalen med sikte på meir utfyllande grunnlag for vedtak. Teksten bør også omarbeidast med sikte på betre samanheng i det redaksjonelle oppsettet.

Vi minner særskilt om at massedeponi vil vere i strid med LNF-føremålet ein planlegg for, og rår til to plankart skilde i tid gjennom konkret rekkefølgeføresegn. Vi rår også til at ein utarbeider føresegner for deponiområdet som sikrar at deponeringa skjer slik planomtalen skisserer.

Med helsing

Ingunn Bekken Sjøholm
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Kopi:
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen
Kystverket
Direktoratet for mineralforvaltning